

Korleis kan kyrkja bidra til forsoning?

Foredrag 21.okt 2022, preses Olav Fykse Tveit (versjon 21.10.22)

1. Kva snakkar vi om når vi bruker ordet «forsoning»?

Utgangspunktet for dette seminaret er det store, både gode og av og til vanskelege, ordet: «forsoning».

På engelsk blir ordet brukt «*reconciliation*» som kjem frå det latinske «*reconcilare*», som betyr å føre saman. På skandinaviske språk og tysk (*Versöhnung*) derimot, blir nytta eit anna ord med ein litt anna historie og betydning, eit som meir beskriv ein konfliktløysande prosess. Her inneheld ordet «forsoning» det andre ordet «soning», og markerer dermed ein prosess som må vera fullført før forsoninga er verkeleggjord. Soning blir ein føresetnad som må til for å nå det ynska sluttresultatet forsoning. Men «sone» kan bety å reparerer noko som er øydelagt, noko som er «i sund», så i utgangspunktet er det òg i denne språklege varianten snakk om ein heilande prosess.

Det er interessant at ordet forsoning først og fremst blir brukt innanfor teologien, i kriminologien og jussen, og i fagspråk knytt til freds- og konfliktstudiar. I teologien er det snakk om gjenoppretting av eit brote forhold mellom Gud og menneske, som igjen skaper nye vilkår for forsoning mellom menneske. I freds- og forsoningsstudier refererer forsoning til ein prosess kor historisk urett må erkjennast og takast eit

oppgjer med, for å få til ei berekraftig gjenoppretting. I kriminologien og det juridiske språket handlar soning om å sona ei straff, ikkje nødvendigvis som hemn, men mellom anna for å innfri ei forventning om rettferd. Men også i daglegspråket møter vi ordet forsoning, og då er det ofte snakk om å leggja ting bak seg, og å kome til rette med noko eller nokon.

Vi snakkar også om «å forsonast med seg sjølv», som vel eigentleg omtalar ein slags indre sorgprosess. Men som teologen Paul Leer Salvesen har påpeika, så er òg denne indre forsoninga relasjonell: Eg blir forsona med meg. Og nettopp det relasjonelle er noko dei ulike forsoningane har til felles. Anten det dreier seg om å bli forsona med seg sjølv, med andre medmenneske, med naturen, eller med Gud.

Eg vil fastslå det openberre: Vi treng forsoning. Det er eit positivt ord. Vi treng å forsonast med oss sjølv, med kvarandre, med naturen, med Gud, og på samfunnsnivå blir det avdekt stadig historiske og notidige feilsteg og overgrep som det må takast oppgjer med, og der relasjonar må heilast på gruppe-, kultur- og nasjonsnivå.

Men deretter blir det meir vanskeleg – for kva trengst av oppgjer? Og kven må ta oppgjeret? Kva må erkjennast? Kor mykje må det angrast? Må det soning til, og kva inneber eventuelt det? Kva skal til for å retta opp att noko? Og for kven si skuld er det viktig å forsonast – offeret eller overgriparen? Og er det ulike måtar samanhengen mellom desse kan etablerast, slik at det er til dels parallelle prosessar og handlingar som går over tid, både før, under og etter eventuelle markeringar eller

uttrykk? Og er det slik at vi må innsjå at det kanskje er berre til ein viss grad at vi oppnår forsoning? Eller at vi ikkje vågar heilt å tenkje at det er mogeleg, som når ein ser på krigshandlingar i all si gru og kva slags motsetnader og sår dei kan etterlate seg: Kan vi sjå for oss ei forsoning mellom russarar og ukrainarar? Har vi erfaringar frå etterkrigstida i Noreg og Europa elles, eller til dømes andre forsoningsprosessar, som i Sør-Afrika, som gir oss tru på at forsoning er mogeleg?

Som kyrkje må vi òg spørja oss om vi er dei rette til å snakka om eller bidra til forsoning i dag, gitt kyrkja si eiga fortid og historiske feiltrinn mot ulike grupper og einskildmenneske som nokon har opplevd. Det spørsmålet vil eg komma tilbake til. Men det heng også saman med kva som ligg i ein kyrkjeleg budskap om forsoning.

2. Kyrkjjas budskap er ein budskap om forsoning

For kyrkja er forsoning eit heilt sentralt teologisk spørsmål, med andre ord kva forsoning har med Gud å gjere. Difor startar eg midt inne i ein tung, men heilt sentral teologisk spørsmålsstilling om forsoning mellom Gud og menneske. Den er avgjerande for kva kyrkja kan bidra med i forsoning mellom menneske som resultat av budskapet om forsoning med Gud.

Korleis Kristi kjærleik forsonar oss med Gud har teologar streva med å sette ord på i 2000 år. Den historia viser at kva slags språk og metaforar vi bruker om dette, er prega av den samanheng ein sjølv står i, historisk, språkleg og teologisk. Men den viser også slike uttrykk og

fortolkningar kan skape svært ulike bilete av Gud, som også kan kome i motstrid med andre og klare budskap om Guds gjerning og kjærleik til verda i Jesus Kristus.

Tidlegare biskop i Nidaros, Finn Wagle, har arbeidd mykje med både omgrepet og behovet for forsoning, og at forsoning er kyrkjias særlege budskap og oppgåve i verda. Han har også tatt opp dette i konkrete utfordringar for Den norske kyrkja, ikkje minst i forhold til det som skjedde etter krigen med NS-medlemer, deira barn, og dei såkalla «krigs-barna» med tysk far og norsk mor. Han kritiserer den harde linja kyrkjeleiinga valde etter krigen, og konstaterer at sjølv der ei soning som fengselsstraff var gjennomført, vart det ikkje ei forsoning. Men han har også gjennom t.d. arbeidet med «Hustavle for en såret jord» vist at menneske ikkje berre treng forsoning i forhold til Gud og andre menneske, men også med naturen. Det viser at forsoning – å kome til rette med kvarandre – ofte handlar om synd og skuld mellom partar, men også om korleis ein gjennom forandra praksis kan både vise at ein vil forsoning, men også bidrar til det gjennom å gjere noko nytt som verkeleg skaper ei forandring.

Det er ikkje berre «oppgjeret» som verkar forsoning. Det kan også vere det ein gjer for å forebyggje skade og valdeleg konflikt der det er motsetnader eller undertrykking. Det kan vere å ha språk og symbolhandlingar som påverkar kva vi gjer og ikkje gjer som verkar forsonande. I eit rettssamfunn har dom og straff både eit formål å fremme ein tilstand av rettferd, gjennom å definere kva som er faktum og kva som skal gjelde som sant, å krevje noko som ein kompensasjon

for skaden gjennom straff, å bidra til forandring i relasjonar, men ikkje minst endring i den som har gjort noko gale. Men det er også eit vidare og svært viktig forebyggjande formål som ligg i at det er eit institutt for rettspleie som har tillit i samfunnet. Kor viktig det er, ser ein når det manglar i eit samfunn.

I eit større perspektiv på forsoning, som meir enn det at forhold mellom ulike partar vert gjenoppretta i eit oppgjær, kan ein også tale om ei forvandling av menneske, samfunn – ja også vårt forhold til skaparverket i det store og heile.

Det kjem til uttrykk fleire gonger i Det nye testamentet. I Efeserbrevet kan vi lese ei tolking av heile Guds plan og visjon med både skapargjeringa og frelsargjeringa, både det å gi liv og å gjenopprette det som er gått i stykker. Der skriv Paulus følgjande om Gud: «Han ville fullføra sin frelseplan då tida var fullmogen: å samla alt til eitt i Kristus, alt i himmelen og på jorda i han.» (Ef. 1,10) Å samla alt, å føra saman, er uttrykt i det latinske ordet vi har i engelsk: reconcile. Gud ville *forsona* alt i Kristus – alt i himmelen og på jorda. Det er kyrkjjas hovudbodskap. Kristus forsonar oss med Gud – førar oss saman med Gud, og dermed med kvarandre og med alt Gud skaper.

Kristi soningsverk har i tradisjonen frå til dømes biskop Anselm av Canterbury på 1100-talet vorte fortolka i juridiske eller føydale æreskategoriar, kor Gud må ha eit offer for å få si ære gjenoppretta. Dette har tatt opp i seg ein dimensjon med forsoning mellom to parter, som har gjort at vi har fått eit forkjært og stundom heilt galt bilete av

Gud i framstillinga av Jesus død og kva den betyr. Gud krev ikkje offer, som ein ærgjerrig fyrste i overgangen mellom vikingtid og mellomalder.

Motivet om å forsona seg med kvarandre har bakgrunn i dei bibelske uttrykk om forsoning som handlar om å gjenopprette relasjonar mellom ulike partar, eller å «forlike» seg med kvarandre. Men det er eit anna perspektiv som er meir framtrudande i for eksempel apostelen Paulus sin måte å forstå Jesu død og oppstode på, og som kjem fram i tekstar der han talar om soning og forsoning. Det er to ulike termar på gresk, og ikkje så like som dei er i norsk.

Soninga ser Paulus mest ut frå den kultiske tradisjon han kjenner, og der er det viktig å peike på at han tar tak i at dei offer som («i den gamle pakt») kan sone synder vert bore fram av menneske, men er eigenleg ei gåve frå Gud (jf 3 Mos 17), ein mulighet Gud gir for at det som er skada og øydelagd i relasjonen mellom Gud og menneske og mellom menneske kan gjenopprettast. Gud er den som eigenleg er subjektet. Ja, at det er eigenleg berre Gud som kan gjere det. Så når Paulus i ein av dei mest kjende tekstane talar om det som vert omset med «forsoning», 2 Korinterbrev 5, og at dette skjer gjennom Jesu død som ei sonande offerhandling, så er konklusjonen at «men alt er av Gud» (v.18).

Difor er Guds kjærleik, og den forvandlande kraft den har, alltid det primære og utgangspunktet både i skapinga og i frelsa gitt ved Kristus.

Det er fleire uttrykk for at det er dimensjonar ved menneskets synd og skuld som Gud kan gjere noko med, som går ut over det vi kan gjere.

Det er meir enn det vi har å bidra med ut frå oss sjølv, som kyrkja skal formidle. På grunn av ei soning som går mykje lenger enn det vi kan gjere, kan det oppstå forsoning mellom Gud og menneske, som igjen kan endre relasjonar mellom menneske. Difor kan Paulus også i den same samanhengen seie at «Kristi kjærleik driv oss» - og at «vi ber i Kristi stad: lat dykk forsona med Gud» (2 Kor 5,14). Så vert dette sett inn i den samanhengen der han talar om korleis det som er gått i stykkjer i menneskelege relasjonar, kan bli nytt.

At Paulus vidarefører tankar frå den jødiske kultiske soningspraksisen, viser kva for samanheng kristen teologi er utvikla i. Det viser også at det han viser til i så måte, kan vere både konkrete handlingar og at ein forholdt seg symbolsk til dette. Det har skjedd noko som har verknader i eit fortolkande, vidareførande perspektiv, og som vi ikkje skal eller kan gjere oppatt i konkret forstand. Å tale om sonoffer kan ha ein dimensjon som viser at symbolspråket her er verknadsfullt i seg sjølv, ikkje berre handlinga. Ja, sjølv offerkulen i templet tok slutt, men meininga i den kunne vidareførast i ei tolking av Jesus død og oppstode. Oppstoda er avgjerande for å seie at dette er Guds handling, ikkje berre noko menneske har gjort.

Difor er det ikkje så overraskande at vi finn ulike logikkar og språklege bilete i dei bibelske tekstane og i kyrkjjas tradisjonar som prøver å få fram at forsoning er mogeleg, og at sonande handlingar

kan føre til forsoning eller stadfeste at forsoning skjer eller har skjedd. Kristendomen, som ein del andre religionar, har i århundrar levert kraftfulle metaforiske språk om kjærleik, sanning, konflikt, soning og forsoning. Mange har framleis stor verkekraft, både i religiøse praksisar og i korleis ein tenkjar om desse tinga i samfunnet i dag. Nokon stader har dei latt seg kombinere med andre kulturars ritualer for soning og forsoning.

Eitt døme som eg vart kjent med på øya Samoa i Stillehavet: Dersom ein person har forbrote seg, er det ei sak som skaper konflikt i fellesskapet, også mellom hans slekt og andre slekter. Men i staden for ein hevnpraksis (som vi kjenner frå norrøn praksis før kristenretten), var det eit rituale for forsoning som innebar ein kollektiv soningsaktivitet som både viste vilje til å erkjenne at noko galt har skjedd. Dermed vert også offerets integritet og vørnad ivaretatt, sjølv om det som er gjort, ikkje kan gjerst ugjort. Konkret: Dei eldste i familien til den som hadde gjort noko gale, skulle sette seg med tildekka hovud på ei spesiell matte som vert brukt til høgtidelege handlingar (etablere «heilag grunn») utanfor huset til den foruretta, og sitje der til dei som representerte offeret ville gå ut og møte dei og vise at dette er no sona og dei kunne forsone seg med kvarandre. Her er det fellesskapsymbola med nærvær, audmjuke handlingar, tilnærming, kroppsspråk og at den som er offer vert ein aktør ved å gå fram og ta imot soninga når tida er moden for det. På ei øy der varige splittelsar mellom familiar ville øydeleggje heile samfunnet veldig fort og effektivt, var dette eit språk og eit handlingsmønster som er både symbolsk og

konkret, og tydelegvis effektivt. Likevel er det noko som krev mot til å stå saman og til å gjere noko som skaper forandring. Det var eit rituale som tydelegvis vart oppfatta som noko ein kunne gjennomføre også innanfor ei kristen ramme og forståing av forsoning.

Kva språk, tankemodellar og teologiar vi brukar om forsoning, soning og gjenoppretting betyr difor noko. Kva seier dei t.d. om vald, om likeverd, om hierarki, og ikkje minst om kjærleikens kraft til å skape forandring? Kva er det særleg viktig at kyrkja formidlar som vårt bilete av Gud, og korleis kan det stå som eit kritisk motbilete til mange måtar å framstille Gud på i den kristne religion og eventuelt i andre samanhengar som i seg sjølv er konfliktskapande, undertrykkjande og direkte syndige?

Oppsumemrande vil eg ta med vidare frå denne svingen innom teologisk refleksjon:

- Bodskapen om soning og forsoning mellom Gud og menneske kan frigjere menneske til å handle på nye måtar som kan skape forsoning mellom menneske
- Å gjere opp i forholdet mellom Gud og menneske med tanke på menneskets fall og vondskap som øydeleggjande for gudsforholdet, kan berre Gud ordne opp i
- Tanken om soning for synder heldt fast at vi må tale om ansvar og skuld, men også at offeret for den vonde handling, skal takast på alvor

- Soning i mellommenneskelege relasjonar handlar om erkjenning, anger, vilje til oppgjer og forandring
- Forsoning på grunnlag av soning er mogeleg, men det treng uttrykk for anger, vilje til forandring, og kjærleik som kan skape ei rettferdig forandring hjelp til og legge noko bak oss.
- Ein kan ikkje krevje at nokon skal tilgje, men in kan rette fram ei hand og be om orsaking, og opne vegar for tilgjeving og forsoning

3. Kan Kristi kjærleik skape forandring i denne verda?

Denne tematikken var også bakgrunnen for at Kirkenes Verdensråd hadde eit tema for generalforsamlinga i år i Karlsruhe i Tyskland som tok opp både temaet kjærleik og forsoning: «Kristi kjærleik driv verda mot forsining og einskap» («Christ's love moves the world towards reconciliation and unity»). Det er formulert for å vere ei motkraft mot alle som vil misbruke religion, også vår kristne tru, til å gjere urett, men også for å få fram at ein trur at det kristne budskapet og kristen praksis i Kristi etterfølging kan skape forandring som kan forsone, lækje, og skape nye moglegheiter for liv og fellesskap.

Det har ein opplevd har skjedd i mange relasjonar mellom kyrkjer i og med den økumeniske rørsla, både mellom historiske kyrkjer og deira konfesjonelle motsetnader og i motsetnader mellom kyrkjer som er splitta av politiske eller andre grunnar som har skapt motsetnader. Til dømes var den «Schuld-bekenntnins» som tyske kyrkjeleiarar formulerte i Stuttgart i 1946 avgjerande for at det kyrkjelege

felleskap kunne verte oppretta - og dermed vesentlege dimensjonar av det inter-nasjonale felleskap.

Eit anna kjent døme er oppgjeret etter raseskille-problematikken i Sør-Afrika. Nokre kyrkjer som var «kvite», eller så dominerte av «kvite» at dei i praksis var heilt delte, har kome vidare gjennom forsoning i sine relasjonar. Dels har det skjedd på grunn av politiske prosessar ved avslutninga av apartheid-systemet og måtar å handtere skyld og forsoning på gjennom sannings- og forsoningskommisjonen i samfunnet, dels gjennom interne kyrkjelege prosessar der ein har både tatt oppgjer med fortida og gjort vesentlege omstruktureringar og avgjerande endringar av praksis. Dutch Reformed Church og The Apostolic Faith Mission (den største pinsevennkyrkja) er dømer på dette, og dei har markert det mellom anna med å melde seg inn i Kirkenes Verdensråd og forplikta seg på gjennom det (2016 og 2020).

Vi veit at religion kan brukas til å herleggjere, eller til og med heilaggjere vald. Det ser me døme på i dag i Russlands grufulle krig mot Ukraina. Det gjer på mange måtar den aktuelle tematikk om kyrkjens rolle i ein forsoningsprosess vanskelegare. Det er vanskeleg å sjå korleis dagens leiarskap i den russisk-ortodokse kyrkja med truverde kan bidra i ein forsoningsprosess somo vi må håpe kjem etter denne krigen ein gong.

Men vi ser denne tendensen til å politisere og gjere religion til å legitimere vald mot andre også i mange religionar, og diverre i aukande grad (India, Iran, Nigeria m.m.)

Men vi veit òg at religion kan brukas til konfliktløysing og bidra til eit språk om sårbarheit og om det å vere utleverte til kvarandre. Difor er det å forplikte seg på den budskapen og kva den skal bety for kyrkjas tale og praksis viktig for Kirkenes Verdensråds arbeid, og det har vore gjort fleire forsøk på å utvikle både språk og praksis i den retning dei siste åra. Noko av det kan også vere relevant for vår refleksjon om korleis Den norske kyrkja kan bidra til forsoning i vårt samfunn, men også ut over våre grenser.

Forsoningshåpet uttrykt i Efesarbrevet er ikkje berre eit framtidshåp, men beskriv òg ei forvandlande kraft – her og no. Kjærleiken som forvandlande kraft har vi forhåpentlegvis alle kjent på: Når harde hjarte tinar, når bitterheit slepp taket, når det brusar i kroppen og ein berre vil ein annan alt vel, når ein vågar å vere sårbar og blir møtt med omsorg.

I dei siste åra har ein i KV omtalt den økumeniske praksis som ei pilgrimsreise for rettferd og fred: «A Pilgrimage of Justice and Peace». Det har vore tenkt både konkret som ulike pilgrimsturar og besøk til stader der rettferd og fred ikkje er ein realitet, og som det å gi fokus på og tematisere slike situasjonar og kontekstar som utgangspunkt for solidaritet og «advocacy» for rettferd og fred.

I den samanheng er det utvikla begrep og praksis som har som mål å skape forsoning gjennom å bidra til meir rettferd, både gjennom å krevje rettferdig legale ordningar og politiske handlingar («distributive justice»), men også gjennom handlingar som

gjenopprettar noko av det som er øydelagd av konkrete skader og skader på vørnad og status («restorative justice»). I tillegg er det eit mål å skape forandring gjennom nye uttrykk for rettferd («transformative justice»). Det siste er ikkje minst det eit kyrkjeleg initiativ kan bidra med.

I pilgrimens audmjuke, men målretta haldning og praksis har ein snakka om «via positiva» - å bekrefte kva menneske og grupper og kulturar står for og bidrar med («celebrating the gifts») som første tilnærming. Det har med myndiggjering å gjere, og at forsoningsprosessar må skje på deira premissar som eventuelt er utsatt for urett, og at dei må eit avgjerande ord i det ein eventuelt skal gjere saman. Dei må ha «agency» i prosessen.

Vidare talar ein om «via negativa» - å gå inn i det som er av sår og skade, det som har skapt det, og i solidaritet både sjå, nemne og erkjenne kva som må endrast. Dette tilsvarar ei viktig side i alle forsoningsprosessar: Erkjenne sanning. Og erkjenne ansvar.

Det tredje har vore kalla «via transitiva» - vegen til forandring som betyr ei reell forandring. Dette er ikkje noko som må vente til ein er komen til eit visst stadium i dei andre vegane, men noko som må vere målet med alt det ein gjer i ein forsoningsprosess. Stundom kan slike grep føre lenger både i anerkjenning av dei som ber om det, eller erkjenning av det gale som har skjedd. Og ikkje minst skape truverde i at ein verkeleg vil gå seriøst inn i ein forsoningsprosess.

I kyrkjias praksis og formidling er det heile tida både tale om forsoning og ulike praksisar som har det som mål. Dette er ein viktig del av den personlege dimensjon i kyrkjias budskap og praksis. Men det må vere meir enn individuelle tilnærmingar her. Det gjeld å vurdere om kyrkja både må formidle budskapet annleis og andre felles praksis slik at budskapet får eit tydelegare relevans i eit fellesskaps- og samfunnsperspektiv.

Gudstenesta og den sjelesørgeriske samtalen er dømer på stader kor evangeliet om Kristi kjærleik kan treffe menneske som ein budskap om forsoning. Menneske verte sett fri til å være den ho var skapt til å være. Menneske får høyre og erfare at dei er elska på tross av det dei har gjort eller unnlata å gjere. Det kan hjelpe dei å ta oppgjær, føre saman eller lækje brot, og gjennomgå endringar – eller til og med forvandlingar – til det betre. Slik kan kristne forsoningspraksisar håpe og er med på å spreie trua på kjærleikens potensiale.

Men det må setjast inn i eit større perspektiv enn den einskilde. «Tilgjeving» og «bot» høyrer òg med her, sjølv om det er kompliserte omgrep og fenomen. For utan oppreising for offera kan ei tilgjeving av gjerningspersonane utan vilkår verke meiningslaus og støytande. Vi kan heller ikkje forventast at alle skal kunne tilgje, eller at alt skal kunne tilgjevast. Det er for mykje vondskap i mange sine erfaringar og i verda til det. Samstundes erfarer vi at når tilgjeving faktisk skjer, skjer det eit under. Då bryt tilgjevninga logikken til vondskapens sirkel, til gjengjeldinga, og førar inn noko nytt. Ho er ein reaksjon som ikkje berre re-agerer, ho skapar noko nytt, på uventa og uføreseielege

måtar. Slik er ho med på å frigjere både den som tilgjev og den som vert tilgjeve.

Ein slik tale om kjærleik og tilgjeving må haldast saman med engasjementet for å gje offera oppreising og rettferd her og no. Frigjeringsteologar beskriv dette som ein føregriping av det som skal kome: Kvar gong ofre får oppreising og forsoning skjer, vert Guds framtid realisert. Ei slik tanke gjev energi til etisk og politisk engasjement for rettferd her og no - kampen vert ikkje utsett.

Det var slike tankar om Kristi kjærleik, rettferd og forsoning som vart stadfesta av Kirkenes Verdensråd si generalforsamling tidlegare i år. Menneske frå 352 medlemskyrkjer vart utfordra på kva dette skal bety for å vere kyrkje i vår tid. Også vår kyrkje.

I møte med krigens realitet i våre naboland i Europa, trengjer desse spørsmåla seg nærmare oss. Det må også i denne samanheng leggjast vekt på at ein søker rettferd OG fred, eller ein «rettferdig fred». Dette kan ikkje definerast av den part som har starta krigen, og sette vilkår for fred einsidig frå den sida, på måtar som verkar undertrykkjande og diskriminerande. Det er tendens til å tale slik i enkelte av utspela frå Patriark Kirill, der han nærast talar om ein kamp mellom likeverdige partar som skal ende med at begge får det litt som dei vil og dermed oppretter rettferd. Rettferd må definerast ut frå klare normer i internasjonal lov og universelle menneskerettar, slik at det kan bidra til ein truverdig og varig fred. Den russiske aggresjon mot nabolandet

må både fordømast og nedkjempast ut frå eit prinsipp om rettferd og retten til å forsvare seg, og denne kampen er ein rettferdig kamp som krev støtte med det vi kan bidra med frå norsk side. Den støtte patriark Kirill har gitt til denne, har skapt ein situasjon der det vert meir og meir vanskeleg å sjå korleis tillit og fellesskap mellom kyrkjer kan bli gjenoppretta utan eit alvorleg oppgjør og erkjenning av at han har gjort urett. Dette er først og fremst eit forhold innan den ortodokse familie, men den vedgår heile det økumeniske fellesskap. Dette er kome til uttrykk allereie i at den delen av den russisk-ortodokse kyrkja som er i Ukraina har erklært at dei etter dette må lausrivast frå Moskva-patriarkatet. Kva som kjem til å skje vidare i desse relasjonane, med tanke på å gjenopprette kontakt og samarbeid, vil kreve tydeleg erkjenning av skuld og ansvar på russisk- side, også hos den russisk-ortodokse kyrkjeleiaren. Det vil vere svært viktig for ein framtidig forsoningsprosess. Dette kom tydeleg til uttrykk i ukrainske kyrkjeleiarar sine utsegn i Karlsruhe i september. At den russisk-ortodokse patriarken har eit ansvar for å gjere mykje meir for å protestere mot og stoppe åtaka på nabolandet og spesielt på sivile, var budskapet i eit brev til Kirill som vart sendt frå dei leiande biskopane i dei lutherske og anglikanske kyrkjene i Norden, Baltikum og Storbritannia i førre veke. Eg synest ikkje dette ansvaret kom tydeleg fram i det som er referert frå møtet mellom Patriark Kirill og fungerande generalsekretær Sauca som var i Moskva denne veka. Vi skal leve saman i denne delen av Europa også etter denne krigen. Det gjeld også oss, og difor har til dømes Kirkenes verdensråd ei oppgåve

og eit ansvar for å vere ei plattform for samtalar om ein reell rettferdig fred og forsoning.

4. Kva så med Den norske kyrkja og det norske samfunnet?

Den norske urfolksteologen Tore Johnsen har lansert nokre nødvendige vilkår for at ei forsoning skal kunne skje på eit samfunns- og kulturnivå: Han løftar fram omgrepa erkjenning, uttrykt anger og gjenoppretting. Dette er føresetnader for forsoning, ifølgje Johnsen,

- Erkjenning inneber at representantar for den mektige parten og representantar for den parten som det er gjort urett mot må ha ei grunnleggjande felles erkjenning om kva som har skjedd.
- Uttrykt anger inneber at ein person eller eit organ for den mektige parten må uttrykkja ei form for unnskyldning over det som har skjedd, og at dette må skje på vegner av alle som høyrer til den mektige parten.
- Gjenoppretting inneber at det må skje ei endring. Historia må gi føringar for kva innhaldet i ei gjenoppretting skal vera, men minimumsvilkår for ein stat vil til dømes vera endring av lovverk, tiltak for ny kunnskap hos dei som høyrer til den mektige parten, og nye økonomiske prioriteringar.

Dette er det mykje klokt i, og tar opp i seg både klassisk botspraksis og fleire spørsmål eg har peikt på i eit større, kollektivt perspektiv t.d. innanfor ein nasjon som vår.

Som det vil vere kjent, er det i kyrkja vår igangsett ulike erkjenningsprosessar med tanke på forsoning, Kvar desse prosessane endar, er det enno for tidleg å seia. Ein del er gjort, men mykje står att. Her vil vi òg måtta vera opne for innspel og samarbeid med dei det gjeld. Eg er sikker på at alle desse prosessane er nødvendige, og at dei vil bidra til både frigjering og smerte, og til ei betre kyrkje og eit betre samfunn.

Samar og kvener:

Kommisjonen som no granskar fornorskningspolitikken og urett mot samar, kvener og skogfinnar vil peika på at Dnk både var ein viktig premissleverandør for og gjennomfører av fornorskningspolitikken når dei leverer rapporten sin i juni til neste år. Sjølv om det òg var motverkande krefter i Den norske kyrkja – og ikkje minst i frikyrkjene, veit vi allereie no at fornorskningspolitikken hadde eit ideologisk og langt på veg teologisk bakteppe som kyrkja ber eit ansvar for. Og vi veit at fleire av embetsmennene til kyrkja var delaktige i å gjennomføre politikken. Fornorskningspolitikken har hatt enorme konsekvensar både på individuelt og kulturelt plan: tap av språk, tap av kultur- og kunnskapstradisjonar, tap av stoltheit, tap av eigedom, tap av barn og familie, tap av helse, rusmisbruk – for å

nemna noko. Konsekvensane av fornorskningspolitikken kjennast på kroppen av mange menneske sjølv i dag.

Så då Samisk kyrkjeråd vart oppretta i 1992 – for 30 år sidan – var det på mange måtar ei kyrkjehistorisk storhending. Opprettinga innebar ei viktig endring i relasjonen mellom samar og Den norske kyrkja.

Medan assimilasjon av samisk kultur og spiritualitet hadde vore den rådande praksisen i så vel den norske staten som den norske statskyrkja, var opprettinga av Samisk kyrkjeråd ei følgje av ei dreining i kyrkja mot større respekt, medråderett og forsøk på likeverdig integrering. Sidan den gong har Samisk kyrkjeråd jobba jamt og trutt for å sikra og utvikla samisk kyrkjeliv som ein integrert del av Den norske kyrkjas verksemd, og på den måten òg bidrege til å utvikle Den norske kyrkjas sjølvforståing og demokratiske kvalitet. Styrkinga av samisk kyrkjeliv har berika Den norske kyrkja. Med samiske liturgiar, bønner og salmar, eller bruk av joik og trommar i gudsteneste- og andaktslivet, eller større kjennskap til samisk spiritualitet og relasjon til skaparverket har vi vorte ei rikare kyrkje.

Og med tanke på auka kvensk representasjon i kyrkja, er eg glad for at vi har fått ein ny kvensk salmebok og at det no blir jobba med ein ny kvensk struktur i Den norske kyrkja. Vi er langt ifrå i mål, men det er òg godt å sjå at viktige prosessar og endringar er i gang.

Eg vil trekka fram to konkrete ting i denne samanhengen: For det første gjorde det stort inntrykk å vera til stades i Uppsala domkyrkje i fjor då erkebiskopen på vegner av Svenska kyrkan, gjennom eit ritual,

gav ei unnskyldning overfor det samiske folk i Sverige. Svenska kyrkans oppgjer, og vidare forpliktingar til oppfølging og endring, gjer stort inntrykk. Vi må la oss inspirere og sjå kva vi kan få til i Noreg.

Nidaros bispedømmeråd i mai i år vende seg til regjeringa og Stortinget og bad om at regjeringa no må ta grep for å følgje opp Høgsteretts avgjerd frå i fjor, som gav medhald til reineigarane på Fosen og fastslo at utbygginga av vindkraftverka på Storheia og Haraheia krenkjer retten reindriftssamane har til kulturutøving. Regjeringa må følgja opp Høgsteretts avgjerd, og reindriftsutøvarane må i større grad lyttast til enn det som blir gjort i dag.

Skeive

Ei anna gruppe som Dnk har medverka til å undertrykkja, er skeive. Dette var bakgrunnen for at Bispemøtet tidlegare i år kom med ei fråsegn på grunn av at det var 50 år sidan paragrafen i straffelova 213, som forbaud sex mellom menn, vart oppheva. Vi veit at kyrkja har bidrege til eit ideologisk og teologisk bakteppe for diskriminering og undertrykking av skeive, og vi veit at kyrkja sjølv har praktisert avvising og fordømming av skeive. Det er som skyldnar kyrkja møter dei homofile, konkluderte ein kyrkjeleg komité allereie i 1977.

Dagens biskopar har erkjent at haldningane kyrkja hadde til og omtale av homofili og homofile opp gjennom åra har påført mange menneskje stor skade og smerte. Vi erkjende òg at kyrkja i lita grad har teke inn

over seg skeives livssituasjon, og heller ikkje har klart å gi truverdige uttrykk for anerkjening av skeives menneskeverd og kjærleik.

Eg er glad for at Bispemøtet kom med denne uttalen. Men vi er som kyrkje langt frå ferdige med oppgjeret med korleis menneske med skeiv identitet har vorte behandla av og i kyrkja. Vi må høyra fleire historier frå livet til menneske, slik som nokre av oss fekk på Granavolden tidlegare i år. Me pliktar å høyra desse historiene, og vi treng å høyra dei for betre å forstå rekkjevidda av det som har skjedd og kva vi har vore ein del av. Fleire av oss treng òg å få fortalt historiene sine. Vi må òg finna måtar å ta vare på desse historiene og forvalta dei i det kollektive minnet vårt. Og me må skolerast betre som organisasjon og fellesskap, noko dei nye LHBT-kursane for alle kyrkjelege tilsette forhåpentleg er ein start på. Men mykje står att.

Eg har oppfatta at det er ulike tankar om korleis ei eventuell offisiell orsaking skulle skje, og kva den skulle omfatte. Bispemøtet er utfordra til å arbeide vidare med det av LHBT-utvalet. Nokon har sagt at det er viktigare kva kyrkja gjer eller ikkje gjer i praksis, og at det vil vere viktig for korleis ein eventuelt oppfattar ei offisiell orsaking.

Uansett trur eg det er viktig å arbeide vidare med det som har kome fram dette året, og som kan skape noko som har berande kraft for vårt fellesskap og som verkeleg betyr noko for dei det gjeld direkte. Dette er tid for både samtale og vidare handling.

Religiøse minoritetar

Det er ein del av Den norske kyrkjas historie som handlar om forhold til opposisjon, «dissentarar», men også til andre etablerte kyrkjesamfunn og religionar. Den er ganske kjent, men vi får stadig nye bidrag til å forstå den, t.d. om kva Hauge-rørsla var og ikkje var i si tid.

I nyare kyrkjarahistorie har arbeidet med dialoger, og organiserte felles tiltak og etablerte institusjonar som Norges Kristne Råd og Samarbeidsrådet for trus- og livsynssamfunn gitt nye høve til å skape forandring i relasjonane mellom Dnk og dei andre. Det er ikkje sjølvstundt at det skulle vere ein respektfull og tillitsfull samtale, om enn krevjande av og til. Etter å ha sett alternativ til å ha slike organ i ulike land i verda, ser eg kor viktig dei er. Og kor viktig det er at majoriteten tek dei på fullt alvor – og opptrer som ein av fleire i desse samanhengane.

Jødar

Den siste gruppa eg vil løfta fram i denne samanhengen er jødar. Jødedom har på mange måtar vorte brukt og framstilt ikkje berre som forløparen til kristendommen, men òg som motsetninga til kristendommen. Det jødiske vart ein identitetsmessig antitese, brukt negativt til å forma det kristne «vi». Kritik, hat og hets av jødar og jødisk tru vart i hundreår å rekna nærast som ein kristen dyd. Europas historie, der kristendom vart imperiereligion, medan jødedom var

statslaus minoritetsreligion, er derfor også ei historie om svært mykje vald mot jødar – utført av kristne. Det kulminerte som vi veit med Holocaust. Ifølgje den svenske teologen Jesper Svartvik har kristen teologi vore eit nødvendig føresetnad for holocaust, sjølv om det ikkje har vore eit tilstrekkeleg føresetnad.

Etter holocaust har det skjedd ei heilt nødvendig nyorientering mot jødar og jødedom i mykje teologi og i mange av kyrkjene i verda. No studerer kristne og jødiske teologar dei nytestamentlege tekstane saman, og ein forstår meir av Jesus og Paulus ved å lesa dei som jødiske aktørar. I 2017 tok Bispemøtet eit nødvendig oppgjær med den antisemittiske arven frå Luther som har prega tradisjonen vår. Og i 2012 bad vi om unnskyldning til norske jødar for at Den norske kyrkja handla for seint og for svakt med tanke på å protestere mot fengslingane, deportasjonane og drapa på norske jødar under krigen. Eg ser ikkje bort frå at det òg er fleire ting i historia vår vi må ta eit oppgjær med.

Eg er difor glad for at vi i Bispemøtet, saman med Mellomkyrkjeleg råd, har fått oppretta eit utval som er godt i gang med å undersøkje forholdet kyrkja har til jødedom og jødar i Noreg. Det arbeidet er viktig med tanke på vår eiga teologiske sjølvforståing, med tanke på relasjonane våre til dei norske jødiske medborgarane våre, og det er viktig for å forstå oss sjølv betre som majoritetsaktør i trus- og livssyns-Noreg. Det kjem vi tilbake til når dette arbeidet er gjort, og vi får råd og anbefalingar derifrå.

Andre grupper kunne sikkert òg vore nemnt, men no løfta eg fram desse fordi det er igangsett ulike prosessar i forhold til akkurat desse gruppene. At vi som kyrkje må forhalda oss til den problematiske fortida vår, både som trussamfunn, majoritetsaktør og tidlegare del av statsapparatet, er ikkje noko vi gjer for å pina oss sjølve. Men det er noko me gjer ut frå ønsket om å læra av historia, læra av feiltrinna våre, for at vi ikkje skal gjenta dei, og for at vi skal kunne leva med denne historia. Det er noko vi gjer for å kome vidare. Både for vår eigen del, men ikkje minst òg for dei som det er gjort urett mot – slik at vi kan få moglegheit til å retta opp i feil og bidra til endring og ny framtid saman.

--

Avslutning

Avslutningsvis vil eg kome tilbake til det spørsmålet som var den annonserte overskrifta for dette foredraget, nemleg «korleis kan kyrkja bidra til forsoning?» Eg tenkjer det er minst tre svar på det spørsmålet.

For det første vil kyrkja halda fram med å møta menneske med budskapen om forsoning. Det betyr å formidle budskapen om Kristi kjærleik og frigjerande nåde, og å oppmuntre til å søkje forsoning ved å arbeide for rettferd og fred. Det inneber å få fram og erkjenne

sanning, å ta nødvendige oppgjer med fortida, og til å bidra til forandring. Kyrkja må prøve å vise at dette er mogeleg gjennom sin eigen praksis, og på måtar som også andre institusjonar eller organisasjonar i samfunnet som vil det same, kan gjere seg bruk av.

For det andre vil kyrkja måtta halda fram med å sjå seg som ein skyldnar, og gjennom det ho *gjer*, vise korleis ein kan arbeida med skuld, sjølvverkjenning og angar.. Det er i seg sjølv ein viktig prosess og læring for kyrkja, men det kan òg vera eit bidrag inn i samfunnet – då som eit truverdig vitnesbyrd om kva forsoningsarbeid faktisk handlar om.

For det tredje må kyrkja heile tida både tale og handle i praksis, uansett kor langt eller kort ein er komen i forsoningsprosessar. Kva som skjer talar ofte viktigare enn kva som vert sagt.

Ho må *walk the talk*, for å seie det på godt norsk.